



## Barn og unge sitt matematiske potensiale

Tekstane i dette bladet inspirerer til å skriva ein leiar om barn og unge sitt matematiske potensiale. Det handlar både om det å læra matematikk og *korleis* ein lærer matematikk. I Tellefsen og Haugli sin tekst får me lesa om korleis elevar frå 1. til 10. trinn kan vera med på å tilpassa ei og same oppgåva slik at alle får utfordringar. Når ei oppgåva er rik, er det rom og behov for at elevar utforskar og utviklar eigne løysingsstrategiar der dei påverkar og lærer av kvarandre.

Oliver Thiel viser at barnehageborn kan arbeida med eit matematisk krevjande tema som sannsynsrekning. Ein kan introdusera matematisk språk, ord og vendingar i barnehagen viss dei vert brukte i kontekstar som kan hjelpa borna til å skapa mening i orda. Born møter matematikk i kvardagen mange år før dei skal læra det på skulen. Legg ein til rette for at born brukar erfaringane sine er det ofte imponerende kva potensiale dei har for matematikkæring.

Eit døme på unge sitt potensiale til å arbeida med meir enn tradisjonell oppgaveløysing kjem i Trude Fosse sin artikkel. Ho gir døme på korleis elevar på 2. trinn argumenterer matematikkfagleg ved å laga eigne rekneforteljingar. Elevane får ikkje ferdig oppsette reknestykke, men lagar multimodale forteljingar der dei uttrykker matematiske samanhengar med teikning, ord og tal.

I Tangenten ynskjer me å stø opp om varierte og rike oppgåver der born og unge får brukt kreativiteten og potensialet sitt. Mike Naylor har i fleire år hatt ei fast spalte om matematikk og kreativitet. Dei som ynskjer å prøva ut noko nytt i matematikkundervisninga kan her finna mange idear og forslag. Tilsvarande kan ein prøva ut Ole Einar Torkildsen sine oppgåver som ofte rettar fokus mot mønster og samanhengar mellom tal. Naylor sine kreative idear og Torkildsen sine oppgåver vonar me kan gje elevar og lærarar inspirasjon til alternative innfallsvinklar og arbeidsmåtar.

Me har starta ein ny intervjustafett der lærarar samtalar med born og elevar. Emil (2. trinn) fortel at når dei arbeider på stasjonar med varierte subtraksjonsstrategiar er det «mer plass til regnestykket, og så kan jeg bestemme hvordan det skal være». Slike ytringar fortel noko om korleis variert undervisning er viktig for å gje elevar handlingsrom og eigarskap i matematikkfaget.